

Sakliste- Årsmøte 2018, Møre og Romsdal folkemusikklag

Dato/tid: 8. april 2018 /kl 10.00-12.00

Stad: Hotell Bellevue Åndalsnes

Sakliste jmf. Vedtektene §4:

1. Registrering av deltakarar med stemmerett
 2. Godkjenning av innkalling og sakliste
 3. Velje møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen
 4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
 - 4.1 Godkjenning av årsmelding for 2017
 - 4.2 Godkjenning av årsrekneskap for 2017
 5. Godkjenning av budsjett og handlingsplan for 2018
 6. Fastsetjing av lags- og medlemskontingent for 2018
 7. Saker frå styret og medlemmane
 - 7.1 Uttale om organisering av Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal
 8. Val av styre, revisor og valkomite
 9. Val av styremedlem til Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal
-

1. Registrering av deltakarar med stemmerett

Antal utsendingar per medlemslag:

- Nordmøre Spelmannslag - 2
- Romsdal Spelemannslag - 1
- Rauma Spelmannslag - 2
- Spelemannslaget Dâm og Drag - 2
- Grendalaget - 2
- Spelemannslaget UL Ivar Aasen - 2
- Spelemannslaget Havella - 0
- Valldal Spelemannslag – 1
- Tressalaget - 0
- Ålesund spelemannslag - 0
- Styret - 3

Totalt antal deltakarar med stemmerett: 15

Antal observatørar utan stemmerett: 4

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste

3. Velje møteleiar, referent og to til å skrive under møteboka saman med møteleiaren.

Forslag til vedtak:

Møteleiar: Hanne Salthammer

Referent: Nina Byttingsmyr

Protokollunderskrivarar: Solfrid Bjørke Gjuvslund

Protokollunderskrivarar: Brit Amdam

4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap

Sak 4.1 Godkjenning av årsmelding for 2017

Vedlegg: *Årsmelding for Møre og Romsdal folkemusikklag (MRFL) 2017*

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2017

Sak 4.2 Godkjenning av årsrekneskap for 2017

Vedlegg: *Revidert rekneskap for MRFL 2017 og Revisormelding frå revisorfirma Hovden og Vatne AS.*

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskap for 2017.

5. Godkjenne budsjett for 2018

Vedlegg manglar: *Framlegg til budsjett for 2018*

Styret redegjorde for prioriteringane for 2018. I samband med omorganiseringa av folkemusikkarkivet vil det kome fleire ressursar dit som også kan gjere arbeid for MRFL. I tillegg så vil laget halde fram å støtte arrangement og deltaking på arrangement som ligg under laget si formålsparagraf, samt arrangere kurs og kappleikar. Søknad om anna økonomisk støtte blir prioritert for 2018 og vidare.

Vedtak: Årsmøtet ber styret sende ut forslag til budsjett for godkjenning innan 14 dager frå årsmøtedato. Årsmøtedelegatane mottok dette per epost, innspelsfrist er 22. april.

6. Fastsetjing lags- og medlemskontigent

Lagskontingenten var i 2017 kr 600 per lag per år. Kontingenten for vaksne medlemmar er kr 60 for vaksne medlemmar og kr 30 for born. Lagskontigent blir innkravd av styret.

Medlemskontingenten blir kravd inn av FolkOrg og refundert til områdelaga og lokallaga.

Vedtak: Årsmøtet beslutter at lags- og medlemskontigent forblir uendra for 2018

7. Saker frå styret og medlemmane - Sak frå styret - Omorganisering av Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal

Saksutgreiing i vedlegg: «Fusjon mellom Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal og Stiftinga Sunnmøre Museum»

Saka vart grundig gjennomgått og forklart for årsmøtet. Årsmøtet er uroa for at arkivet kan verte ei salderingspost på musea si budsjettliste og at arkivet sine midlar vil inngå i museet sine eigedela. Dette og fleire saker blir tatt opp på eit møte som styret til arkivet skal ha med fylkeskultursjefen og styraren for Sunnmøre Museum 26. april. Hovedinntrykket er i uansett at gode krefter jobber for å få styrka folkemusikkarkivet si stilling og gjere denne mer robust mot td. kutt i fylkeskommunale budsjett. Det vil bli viktig å kunne vise til resultat av aktiviteten.

Vedtak: Årsmøte har handsama saka om samanslåing av Stiftinga Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal med Stiftinga Sunnmøre Museum. Årsmøtet sluttar seg til planen om å slå saman stiftingane. Vi trur samanslåinga vil sikre at føremålet til Stiftinga Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal vil bli oppfylt på ein minst like god måte etter samanslåinga.

8. Val av styre, revisor og valkomite

§5 – Val - «Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemmer med varamedlemmer. 1. varamedlem vert alltid innkalla til styremøte. Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år, slik av minst to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år to varamedlemmer til styret, og to revisorar*. Det skal også veljast ei valnemnd på to personar, for eitt år, der ein vert vald som leiar. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret vel sjølv seg imellom nestleiar, skrivar og kasserar.»

* Val av revisor fell vekk då Møre og Romsdal fylkeskommune stiller krav om autorisert revisor ved pengeløyver på over kr 50.000. MRFL mottok kr 100000 frå fylkeskommunen i 2018.

Valkomite har i 2018 vore Bodil Tessem og Runhild Heggem. Alle kandidatar er forespurt og har takka ja til verv.

Valkomiteen sitt framlegg:

Leiar: Hanne Moldver Salthammer (for eitt år, attval)

Styremedlem: Ola Vestavik (for eitt år, attval)
Leikny Aasen (ikkje på val)
Kine Iselilja Gyldenskog (ny)
Bodil Tessem (ny)

Varamedlem: Anna L. S. Gjendem (for eitt år, attval)
Solveig Østmo (for eitt år, ny)

Styret konstituerer seg sjølve.

Vedtak: Årsmøtet vedtek valkomiteen sitt framlegg.

Forslag til valkomite som kommet fram under møtet. Begge kandidatar er spurt og har takka ja til verv:

Nina Byttingsmyr (leiar, for eitt år, ny)
Thea Marie Ytterdal (for eitt år, ny)

Vedtak: Årsmøtet vedtek innstillinga til valkomite

9. Val av styremedlemmar til Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal

Årsmøtet i 2016 valde Nina Byttingsmyr til laget sin styrerepresentant og Hanne Salthammer til vararepresentant til Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal. På bakgrunn av at stiftinga no er under avvikling rår styret til at dei sitande representantane held fram i styret inntil stiftinga er avvikla.

Vedtak: Årsmøtet vedtek at dei sitande representantane held fram i styret inntil stiftinga er avvikla. Dersom stiftinga framleis eksisterer skal nye styremedlemmar velgast på neste ordinære årsmøte for MRFL.

Protokoll godkjent dato: 08.04.2018, Åndalsnes

Signatur:

Brit Amdam

Signatur:

Solfrid Bjørke Gjøvsland

Årsmelding 2017

Møre og Romsdal Folkemusikklag



1. Om Møre og Romsdal Folkemusikklag

«§ 1. Føremål

Møre og Romsdal Folkemusikklag skal arbeide for å fremje interessa for folkemusikk og folkedans. Laget skal dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, vokal folkemusikk og dans.

§ 2. Lagsoppgåver

Fylkeslaget skal:

- Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen,
- leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga
- medverke til å skipe nye lag - drive opplærings- og kursverksemd
- i samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter
- syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år
- drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd»

2. Medlemsskap

Alle spelemannslaga i fylket som er med i FolkOrg, er medlemmer av fylkeslaget.

2.1 Medlemslag:

- Nordmøre Spelmannslag
- Romsdal Spelemannslag
- Rauma Spelmannslag
- Spelemannslaget Dâm og Drag
- Grendalaget
- Spelemannslaget UL Ivar Aasen
- Spelemannslaget Havella
- Valldal Spelemannslag
- Tressalaget
- Ålesund spelemannslag

Samla antal medlemmar i Møre og Romsdal Folkemusikklag per 31.12.2017 var 230.

2.2 Kontingent

Medlemskontingent for 2017 har for lagsmedlemsskap vore kr 600. Medlemsskap vaksen kr 60 og medlemsskap born kr 30. Kontingenten blir kravd inn av FolkOrg og refundert til område- og lokallaga.

3. Organisasjon

3.1 Konstituering av styret i 2017

Leiar: Hanne Moldver Salthammer - Spelemannslaget Dâm og Drag
Nestleiar: Nina Byttingsmyr – Spelemannslaget Dâm og Drag
Styremedlem: Ola Vestavik - Spelemannslaget Havella
Kristiane Runde – Spelemannslaget Havella
Leikny Aasen - Spelemannslaget UL Ivar Aasen

Vara: Anna Liv Skjelten Gjendem - Spelemannslaget Dâm og Drag
Daniel Dyrnes - Nordmøre Spelemannslag

Styret vart vald på laget sitt årsmøte 26. mars 2017.

3.2 Styret sitt arbeid

Nina Byttingsmyr har vore skrivar.
Hanne Salthammer har vore laget sin kasserar.
Leikny Aasen har vore rekneskapsfører.

Styret har hatt tre møter og behandla 26 saker i 2017. Eitt møte er halde i folkemusikkarkivet sine lokaler i Volda, to per telefon.

3.3 Sekretærstilling / Kjøp av tenester

Styret har sidan 2016 kjøpt av tenester frå Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal (FAMR). Ordninga er stadfesta via ei rammeavtale som signerast årleg. Oppgåvene som skal utførast er beskrive i styret sitt årshjul. Det er FAMR sin tilsette ressurs, Anna Gjendem som har utført arbeid på oppdrag av laget.

3.4 Andre tillitsverv

Revisor: På grunn av krav om statsautorisert revisor har styret nytta firmaet Hovden og Vatne i Ørsta.
Valkomite: Bodil Tessem (Grendalaget) og Runhild Heggem (Nordmøre spelmannslag)

Styrerepresentant i Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal (2016-2018):

Styremedlem (nestleiar): Nina Byttingsmyr (Spelemannslaget Dâm og Drag)
Varamedlem: Hanne Salthammer (Spelemannslaget Dâm og Drag)

3.4 Kommunikasjon og informasjonsarbeid

- **Heimesider**

Laget har eigne heimesider. www.folkemusikklag.no. Denne sida driftast av styreleiar og dagleg leiar på folkemusikkarkivet.

- **Facebook**

Folkemusikklaget har også høve til å publisere på facebook via sida «Folkemusikk i Møre og Romsdal» som i hovudsak er drifta av folkemusikkarkivet.

- **Nyhendebrev**

Leiaren har også sendt ut nyhendebrev direkte til medlemmane via epostlister distribuert av FolkOrg.

4. Møteaktivitetar

4.1 Årsmøtet

Årsmøtet vart halde i samband med fylkeskappleiken i Fosnavåg, på morgonen før tevlinga søndag 26. mars.

4.5 Områdelagsmøte og landsmøtet til FolkOrg

Oslo 29. og 30. april 2017. Hanne og Nina deltok for MRFL på områdelagsmøtet, Hanne som utsending på landsmøtet.

4.6 Arrangørmøte med Rauma Spelmannslag

16. september i Isterdalen. Gjennomgang av vedtekter og køyreplan for fylkeskappleiken saman med arrangør. Hanne, Anna og Nina deltok på vegne av MRFL.

4.5 FolkLarm 2017 / Presentasjon av rekrutteringsprosjekt

FolkOrg inviterte områdelaga til ein presentasjon av rekrutteringsprosjekt som har motteke stønad frå FolkOrg og Dextra Musica. Ny søknadsfrist er 15. april.

5. Arrangement

4.2 Fylkeskappleiken 2017

Fylkeskappleiken vart arrangert 25.-26. mars i Fosnavåg konserthus, arrangør var Spelemannslaget Havella. Arrangementet varte over to dagar og det deltok omlag 160 aktørar.

4.4 Tradisjonskurs

MRFL arrangert kurs i folkemusikk- song og dans på Blindheim ungdomsskule laurdag 4. november. Det deltok om lag 60 deltakarar på dei tilsaman 6 kursa som var som følger:

Hardingfele – Torkjell Bruland Lavoll

Fele vidaregåande – Vegard Vårdal

Fele nybegynnar – Nina Byttingsmyr

Dans – Sabine Relling Bredeli (Leikny Aasaen spelmann)

Vokal – Kine Iselilja Gyldenskog

I tillegg arrangerte folkemusikkarkivet kurs i torader med Hilde Fjerdingsøy

4.3 Sjokoladekappleiken for 2017

Sjokoladekappleiken for 2017 vart gjennomført 5. november 2017 på Blindheim ungdomsskule. Arrangør var Spelemannslaget til UL Ivar Aasen. Om lag 80 ungar deltok.

6. Vandrepremiar

Vinnarar av vandrepremiar

MRFL har etablert vandrepremiar for høgste poengsum innan dans, spel og vokal. Vandrepremien blir given vinnaren til odel og eige ved tredje napp i premien. Alle vandrepremiane er per i dag tretiner med påskrift.

Følgande personar har napp i vandrepremien for:

Dans: 2017: Anna Gjendem og Nina Byttingsmyr

2016: Leikny Aasen og Vidar Underseth

2015: Anna Liv S. Gjendem og Svein Oskar Smogeli/ Leikny Aasen og Vidar Underseth

Spel: 2017: Britt Elise Skram

2016: Britt Elise Skram

2015: Britt Elise Skram

Vokal: 2017: Ikkje utdelt

2016: Unni Bokstasp

7. Utdelt økonomisk stønad

Styret i Møre og Romsdal folkemusikklag har gjeve økonomisk stønad i samband med følgande aktivitetar i 2017:

- Arrangørstønad fylkeskappleik: Kr 10000,- til Spelemannslaget Havella
- Arrangørstønad sjokoladekappleik: Kr 10000,- til Spelemannslaget UL Ivar Aasen
- Møkurs – MRFL støtta deltakar med kr 1000,-. 7 påmeldte born i alderen 8-13 år søkte og fikk stønad
- Dommarkurs – MRFL støtta deltakar med kr 1000,- men diverre ingen søknadar om støtte
- Publikasjonsstønad - Gro Kjelleberg Solli. CD – «Stien eg fann» kr 2500,-

- Publikasjonsstønad – Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal. Hefte – Nils Bakke kr 5000,-
- Folkepedia – stønad til 3-årsprosjekt – kr 30.000,-

8. Tildelt økonomisk stønad

MRFL har i 2016 fått eller nytta økonomisk stønad frå følgande aktørar:

- Møre og Romsdal fylkeskommune - Treårig driftstilskot på kr 100.000 for åra 2016, 2017 og 2018.

9. Uttale om framleis drift

Styret stadfester at framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av årsmelding og årsrekneskapen for 2017.

ÅRSREGNSKAP FOR 2017

Møre og Romsdal Folkemusikklag
6011 Ålesund

Resultatrekneskap

Møre og Romsdal Folkemusikklag

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2017	2016
Tilskot	3	100 000	150 000
Kontingentar og andre inntekter		34 005	21 527
Sum driftsinntekter		134 005	171 527
Annan driftskostnad	1	175 010	104 291
Sum driftskostnader		175 010	104 291
Driftsresultat		-41 005	67 236
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		72	52
Annan rentekostnad		0	151
Resultat av finanspostar		72	-99
Oridnært resultat før skattekostnad		-40 932	67 137
Ordinært resultat		-40 932	67 137
Årsresultat		-40 932	67 137
Overføring			
Avsett til annan egenkapital		-40 932	67 137
Sum overføringer		-40 932	67 137

Balanse

Møre og Romsdal Folkemusikklag

Eigedelar	Note	2017	2016
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Varige driftsmiddel			
Instrument	2	<u>3</u>	<u>3</u>
Sum varige driftsmiddel		3	3
Finansielle anleggsmiddel			
Sum anleggsmiddel		<u>3</u>	<u>3</u>
Omløpsmiddel			
Krav			
Investeringar			
Bankinnskot, kontantar og liknande		67 958	108 890
Sum omløpsmiddel		<u>67 958</u>	<u>108 890</u>
Sum eigedelar		<u>67 961</u>	<u>108 893</u>

Balanse

Møre og Romsdal Folkemusikklag

Eigenkapital og gjeld	Note	2017	2016
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		<u>67 586</u>	<u>108 518</u>
Sum opptent eigenkapital		<u>67 586</u>	<u>108 518</u>
Sum eigenkapital		<u>67 586</u>	<u>108 518</u>
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Øvrig langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		<u>375</u>	<u>375</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>375</u>	<u>375</u>
Sum gjeld		<u>375</u>	<u>375</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>67 961</u>	<u>108 893</u>

Ålesund ____ / ____ 2018
Styret i Møre og Romsdal Folkemusikklag

Hanne Moldver Salthammer

Nina Bytingsmyr

Leikny Aasen

Kristiane Runde
Styremedlem

Ola Michael Vestavik
Styremedlem

Møre og Romsdal Folkemusikklag

Notar til årsrekneskapen 2017

Note 0 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal attendebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig lån vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Inntekter

Inntekter vert bokført etterkvart som dei er opptjente.

Note 1 Lønskostnad, talet på årsverk/tilsette, godtgjeringar o.l.

Det er ingen tilsette i Møre og Romsdal Folkemusikklag, og det er heller ikkje utbetalt honorar til medlemmer av styret

Revisor

Det er bokført kostnader kr 6.900 eks mva til revisjon i 2017.

Note 2 Avskrivningar

Instrument er avskrive til kr 3 tidlegare år.

Note 3 Tilskot

Følgande tilskot er motteke i 2017:

Møre og Romsdal fylkeskommune	100 000
	<hr/>
	100 000

hovden & vatne

statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Møre og Romsdal Folkemusikklag
c/o Hanne Salthammer
Kaibakken 11
6390 Vestnes

Ørsta, 04.04.2018

VEDK. REVISOR SI MELDING FOR 2017

Vi har no motteke delvis signerte dokument, og vedlagt følgjer original av revisor si melding.

Gjer vel og send ein kopi når balansen er fullsignert.

Med vennleg helsing
Hovden & Vatne



Arild Rafshol
registrert revisor

vedlegg

ØRSTA:	EID:	STRYN :
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsgt. 16, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

Til årsmøtet i
Møre og Romsdal Folkemusikklag

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 2

Konklusjon

Vi har revidert **Møre og Romsdal Folkemusikklag** sin årsrekneskap som viser eit underskot på **kr 40.932**. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilette av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvise bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Styret er også ansvarleg for slik intern kontroll som det finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må styret ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

ØRSTA:	EID:	STRYN :
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsgt. 16, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir

uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ørsta, 04.04.2018

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Arild Rafshol
registrert revisor

Årshjul - Møre og Romsdal folkemusikklag

26.10.2016

Månad	Oppgåve	Ansvarleg	Timeramme(t)
Januar	Kalle inn til årsmøte	Styret	1
Februar	Sende ut årsmøtedokument	Styret	1
Mars	Arrangere årsmøte (mars/april)	Styret	
	Distribuere godkjente årsmøtedokument til medlemmar, FolkOrg	Styret	2
	Registeroppdatering / rapportering til Brønnøysund, FolkOrg, etc.	Styret	2
	Søke driftstilskot (eittårig) frå Møre og Romsdal fylkeskommune (Frist 1. april)	Styret	
	Forespør arrangør til Fylkeskappleik for påfølgande år, sette dato i hht. andre arrangement	Styret	
	Forespør arrangør til Sjokoladekappleik til hausten, sette dato i hht. andre arrangement	Styret	
	Sende ut kontingentkrav til medlemslaga	Styret	1
	Søke prosjektmidlar RFF (Frist 1. april)*	Koordinator	5
	Rapportere driftstilskot Møre og Romsdal fylkeskommune (Frist 30. juni)*	Styret	1
April	Fylkeskappleik (mars/april)	Styret	
	Marknadsføre fylkeskappleiken i forkant av arrangement	Koordinator	8
	Administrere vandrepremiar - fylkeskappleik	Styret	2
	Lage og sende ut presseskriv/reportasjer frå fylkeskappleiken	Koordinator	8
	Delta på årsmøte i FolkOrg	Leiar	
	Søke Gullkornmidlar – Sparebanken Møre (Frist 1. mai)	Styret	2
Mai	Søke driftstilskot (treårig) frå Møre og Romsdal fylkeskommune (Frist 1. juni 2018)	Styret	5
	Engasjere instruktørar til tradisjonskurs - haust	Koordinator	50
	Planlegge tradisjonskurs og kappleik saman med arrangør - ref. køyreplan	Styret	50
Juni	Rapportere driftstilskot Møre og Romsdal fylkeskommune (Frist 30. juni)*	Styret	
Juli			
August			
September	Søke Gullkornmidlar – Sparebanken Møre (Frist 1. oktober)	Styret	2
	Søke prosjektmidlar RFF (Frist 1. oktober)	Koordinator	5
Oktober	Sjokoladekappleik og kurs	Styret	
	Marknadsføre Sjokoladekappleik og kurs	Koordinator	8
	Presseskriv og reportasjer fra Sjokoladekappleik/kurs	Koordinator	8
	Rapporteringsfrist KOMP-prosjektmidlar (Frist 15. oktober)	Koordinator	5
November	Planlegge fylkeskappleik saman med arrangør - ref. køyreplan	Styret	
Desember	Søke KOMP-midlar	Koordinator	5

*Driftsmidlar rapporterast ved å sende inn godkjente årsmøtedokument til MR fylke. Frist 1. juni
Dato for styremøter ikkje tatt med i oversikta. Det bør gjennomførast minimum 6 styremøter kvart år.

	Res-2016	Res-2017	Bud-2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
<u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u>							
3000 Kontingent medlemslag	-4 800,00	-4 200,00	-6 000,00	-6 000,00	-6 000,00	-6 000,00	-6 000,00
3001 Kontingent medlemslag forrige		-1 200,00					
3002 Kontingentrefusjon frå FolkOrg	-9 690,00	-8 700,00	-10 000,00	-8 000,00	-8 000,00	-8 000,00	-8 000,00
3111 Tilskot Rff - prosjektmidler	-20 000,00	0,00		-12 000,00	-12 000,00	-12 000,00	-12 000,00
3113 Tilskot KOMP Norsk Musikkråd	-18 000,00	0,00		-8 000,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
3130 Tilskot frå Møre og Romsdal Fy	-112 000,00	-100 000,00	-100 000,00	-150 000,00	-150 000,00	-150 000,00	-150 000,00
3491 Kursavgift Tradisjonskurs	-6 100,00	-14 590,00	-10 000,00	-11 000,00	-20 000,00	-20 000,00	-20 000,00
3500 Sponsorinntekter		0,00	-25 000,00	-5 000,00	-20 000,00	-20 000,00	-20 000,00
3900 MOMSKOMPENSASJON	-937,00	-5 315,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT	-171 527,00	-134 005,00	-161 000,00	-210 000,00	-236 000,00	-236 000,00	-236 000,00
<u>LØNSKOSTNAD</u>							
5100 Lærarlønn skattefri	23 000,00	28 000,00	80 000,00	35 000,00	45 000,00	46 000,00	46 000,00
SUM LØNSKOSTNAD	23 000,00	28 000,00	80 000,00	35 000,00	45 000,00	46 000,00	46 000,00
<u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u>							
6300 Lokalleie	3 089,00	0,00		10 000,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
6700 Rekneskapskostnad	1 792,90	2 250,00		2 300,00	2 500,00	2 500,00	2 500,00
6720 Honorar FOLKEMUSIKKARKIVET	12 000,00	37 125,00	40 000,00	50 000,00	50 000,00	50 000,00	50 000,00
6790 Annen fremmed tjeneste, revisj		8 625,00	10 000,00	9 000,00	9 000,00	9 000,00	9 000,00
6800 Kontorrekvisita	477,00	0,00		0,00	0,00	0,00	0,00
6941 Porto	110,00	0,00		300,00	300,00	500,00	500,00
7160 Diettkostnader, ikke oppgavepl		3 440,00		6 000,00	6 000,00	6 000,00	6 000,00
7170 Reiseutlegg	15 781,80	9 882,80	12 000,00	10 000,00	13 000,00	14 000,00	14 000,00
7171 Andre kurskostnad	10 501,51	10 281,37		5 000,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
7320 Annonser		158,00		12 000,00	1 000,00	1 000,00	1 000,00
7321 Heimeside www.folkemusikklag.n	2 115,00	2 185,00		5 000,00	3 000,00	3 000,00	3 000,00
7322 Tilskot Folkepedia (tid."Favor		30 000,00	30 000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7323 Tilskot deltaking på Mokurset		8 000,00	20 000,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
7420 Tilskot til kappleikar	30 000,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00
Tilskot Raudan Gull	0,00	0,00	0,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00	0,00
Tilskot - tiltak i lokallag				0,00	40 000,00	40 000,00	46 000,00
7421 Gaver (inkl. tilskot publikasjonar)	2 689,00	8 727,29	6 000,00	15 000,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
7500 Forsikringspremier	470,00	495,00		0,00	0,00	0,00	0,00

7600 Møtekostnader	2 265,00	2 543,00	10 000,00	0,00	4 000,00	2 000,00	4 000,00
7770 Bank- og kortgebyr		197,25		200,00	1 000,00	1 000,00	3 000,00
7790 Diverse kostnader		3 100,00		10 200,00	1 200,00	1 000,00	1 000,00
SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD	81 291,21	147 009,71	148 000,00	175 000,00	191 000,00	190 000,00	190 000,00
SUM KOSTNADER	104 291,21	175 009,71	228 000,00	210 000,00	236 000,00	236 000,00	236 000,00
FINANSIELLE POSTER							
8050 Renteinntekter	-51,86	-72,22					
8150 Rentekostnader	151,00	0,00					
8900 Overføringer fond	67 136,65	-40 932,49	-67 000,00	-26 204,16	0,00	0,00	0,00
SUM FINANSIELLE POSTER	67 235,79	-41 004,71	-67 000,00	-26 204,16	0,00	0,00	0,00
RESULTAT	0,00	0,00	0,00	-26 204,16	0,00	0,00	0,00